



SKADE I SKULETIDA

Skade i skuletida blir rekna som yrkesskade, også for elevar i grunnskulen:

Yrkesskade: Gjeld ulykkesskade på barn i kommunale skular, barnehagar og SFO. For å kunna definerast som yrkesskade må skaden ha skjedd *i skuletida, på veg til eller frå skulen, i SFO, samt andre aktivitetar i regi av skulen. Det siste kan f.eks. vera skuletur eller arrangement på kveldstid som skulen organiserer.*

Behandlingsutgifter: Aktivitetar i grunnskulen høyrer inn under definisjonen ”yrkesskade” og NAV gir refusjon/erstatning. Eventuelle forsikringsselskap er eit supplement til trygda.

Prosedyre:

1. Skulen fyller ut skademelding og sender denne til NAV trygd. Dersom det er nødvendig skal det leggjast ved tannlegeerklæring.
2. Når skaden er blitt registert i NAV, sender dei ut ei orientering heim til føresette i eit informasjonsbrev.
3. NAV handsamar saka og gir eventuell godkjenning av skaden som yrkesskade. Behandlingstid i NAV kan variera frå +/- 2 månadar.
4. Føresette betaler utgifter knytt til skaden. **Ta godt vare på alle originale kvitteringar! Føresette må passe på at det står på kvitteringane undervegs at behandling, medisin eller liknande gjeld spesifikt denne skaden.** Det må komma fram av kvitteringane at utgiftene er på grunn av yrkesskaden.
5. Familien får svar på søknaden/vedtak heim til seg. Blir skaden godkjent som yrkesskade, slepp ein å betala eigendelen. HELFO (Helseøkonomiforvaltninga) vil refundera alle utgifter.
6. Føresette tar kontakt med HELFO sin servicetelefon: 815 70 030. Her får dei informasjon om kor dei skal senda kvitteringane og liknande.
7. **Føresette må senda spesifiserte originalkvitteringar. Då er det viktig at dei tar ein kopi til seg sjølv før dei sender vekk originalane.**

Utgifter undervegs:

Føresette betaler eventuelle utgifter etterkvart og tar vare på alle kvitteringar. (Sjå meir informasjon om dette i lista over.) Dersom føresette ikkje har økonomiske midlar til å betala rekningane undervegs, kan kommunen gjera avtale med føresette om at originalfaktura blir sendt til kommunen og betalt via kommunen. Når ein får godkjenning av skaden som yrkesskade, må kommunen senda betalte originalfaktura til HELFO med opplysningar om avtale inngått med føresette, samt kommunen sitt organisasjonsnummer og kontonummer. HELFO vil i slike tilfelle refundera utgiftene til kommunen.

Kontaktinformasjon til Helseøkonomiforvaltningen (HELFO):

HELFO servicesenter: 815 70 030
Stoltenbergs Gate 1, 3110 Tønsberg. Tlf. 33 51 22 50
Postadressa: Postboks 2415, 3104 Tønsberg

Med helsing

Ørjan Daltveit
Kommunalsjef